

## **Referat Fau 10.1.2024 kl. 18:00**

### **Stad: Kantina**

Desse møtte: Elsa D Jerstad, Maiken Afset Håland, Liv Therese Friestad, Janne Høyland Berge og Tone Skrudland

### **1. Trygge foreldre i Time**

VID ( Vitenskapelige høgskole) var med Time kommune på eit arbeid med å laga ein rapport kalla “Trygge foreldre i Time”

Rapporten konkluderte med at foreldre treng meir kompetanse når det gjeld foreldrerolla. *Sterk og klar* har vore ute med info og har eit undervisning opplegg for elvar og foreldre med fokus på rus.

Kommunane er klar til å inngå ein kommunal avtale.

Jo meir foreldra kan jo betre er foreldra rusta til å snakke med borna sine om dette.

Les meir på: <https://www.sterkogklar.no>

Fau stiller seg positive til dette opplegget.

### **2. Vinterballet**

Elevrådet er i gang med planlegging.

Det blir laga vaktlister, og det trengs mange foreldre. Pleier ikkje vera noko problem å få nok foreldre til å hjelpe til på dette arrangementet.

Avdelingsleiarar, rektor, miljøveiledere er til stades heile kvelden. Heile bemanninga på Møllekjellaren stiller som vakter og miljøpersonell. Det vert gjennomført alkotesting ved ankomst og sporadisk gjennom kvelden ved behov.

Inngangsbillett kostar 100 kr. Alle som vil skal ha høve til å vera med. Skulen ordnar om nokon skulle ha vansker med å dekke beløpet.

### **3. Personalsituasjonen og kantina**

Tre lærar og miljøpersonellstillingar utlyst.

Skulen er i dialog med aktuelle kandidatar, pågår intervju med miljøpersonell no.

Lærarstilling, få søkjarar. Skal ha eit intervju denne veka.

Usikker korleis kantinesituasjonen vert framover då ho som har hatt ansvaret for kantina sluttar. Det vert sendt info heim når situasjonen er avklart.

### **4. Anna**

Foreldre tek kontakt angående låg temperatur i klasserommet. Det blir målt 20 grader i alle klasserom.

Nærmar seg yrkesmesse på 9.trinn, dette ligg fast kvart år.

Vardheia og BUS arrangerer vinterball same kveld for å unngå at elevane oppsøker kvarandre sine vinterball.